



Christania Taxi Bergen  
v/dagleg leiar Hasnat Ahmad

Dato: 05.04.2016  
Vår ref.: 2015/6943-10  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Køyretider for reservedrosjane

Samferdselsavdelinga viser til køyretider for reserveløyva knytt til Christania Taxi Bergen sendt på e-post 04.04.2016. Køyretidene kan ikkje godkjennast slik dei no ligg føre fordi desse tidene i for liten grad avgrensar bruken av reserveløyva.

Det er kjent at CTB fram til no ikkje har avgrensa bruken av reserveløyva i det heile og at sentralen fullstendig har ignorert dei køyretider som var gjeldande fram til nytt reglement vart vedteke. Dette har CTB heller ikkje imøtegått når problemstillinga har vore oppe i fellesmøte o.a. Det går fram av e-posten at CTB har inngått avtalar med hotell og bedrifter som gjer det naudsynt for sentralen «å ha biler i trafikk for å kunne dekke behovet». Vidare ber CTB om at el-bilar ikkje skal verta omfatta av køyretidene.

Både CTB sin praksis og dei argument sentralen no nyttar for dei køyretider som er presentert, tyder på at CTB ikkje har forstått kva rolle reserveløyva skal ha i drosjemarknaden. Det går fram av namnet «reserveløyve» at dette er løyve som skal vera supplement til dei ordinære løyva, jf. yrkestransportforskrifta § 49. Reserveløyva skal nyttast ved trafikktoppar og ikkje gå i konkurranse med dei ordinære drosjeløyva. Det går klart fram av § 49 at reserveløyva må ha «adgang til å kjøre». Reserveløyva er ein dynamisk reiskap for å regulera kapasiteten etter etterspurnaden. Kva teknologi den enkelte drosjebil nyttar, har ikkje noko å seia for kapasiteten, og det er såleis ikkje grunn for å halda el-bilar utanfor køyretidene.

Ein sentral må inngå avtalar om køyring tilpassa den kapasiteten sentralen har til ei kvar tid. Det betyr at ein sentral ikkje kan nyta reserveløyva utanfor trafikktoppane til varierande oppdrag som t.d. hotellgjestar og køyring av tilsette i bedrifter ved behov.

Hordaland fylkeskommune har fastsett følgjande generelle køyretider for reserveløyva:

Måndag-torsdag	Kl. 5:00-10:00	Kl. 12:00 -18:00
Fredag	Kl. 5:00-10:00	Kl. 12:00 - laurdag kl. 6:00
Laurdag		Kl. 17:00 – søndag kl. 6:00
Søndag	Inneståing	
I julebordsesongen, under Festspillene og på 17. mai kan reserveløyva køyra fritt		

CTB må frå d.d. halda seg innanfor desse køyretidene.

Det vil verta gjennomført stikkprøvekontroll for å sjå til at reserveløyva berre kører når dei skal.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*